

26 AUG 2011

SAKSHANDSAMAR  
Jostein GundersenVÅR REF.  
06/01777-31

DYKKAR REF.

ARK. K - Kraftledninger  
287 Sogndal kom. - SF

INNVALSTELEFON

98202848

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
18.08.2011TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.noStatnett SF  
Husebybakken 28B  
0379 OSLO

Statnett SF

Saksnummer	Journalpost	Journaldato
11/01169	3	30/8-11
Avdeling/initialer		U. offentlighet
BPL/OVEB		§
Behandlet		
Måte	Dato	Sign.

Statnett SF - 420 kV kraftledning Ørskog - Fardal. Volda, Ørsta og Sykkylven kommunar. Innvilga søknad om dispensasjon, jf. kulturminnelova § 8 første ledd, for kulturminne i Møre og Romsdal fylke.

Vi viser til brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 18. juli, vedlagd Dykkar søknadar av 23. mai og 7. juni om bygging av 420 kv ledning frå grense Sogn og Fjordane fylke til Ørskog, gjennom kommunane Volda, Ørsta, Sykkylven og Ørskog, i Møre og Romsdal fylke.

Vidare viser vi til diskusjon med Bergen Museum om saken, seinast 18. august.

I følgje brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune ber ein om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 første ledd for i alt seks lokalitetar, med id 133460, 133463 og 133470 i Volda kommune; 133454 og 137152 i Ørsta kommune; og 137133 i Sykkylven kommune.

Slik Riksantikvaren oppfattar det, er berre tre av desse kulturminna automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 første ledd, pkt a, b og c. Dette er lokalitetane 133460 i Volda kommune, 137152 i Ørsta kommune og 137133 i Sykkylven kommune. Riksantikvaren har vurdert Dykkar søknad opp mot desse tre kulturminna.

Dei tre andre lokalitetane (id 133463 og 133470 i Volda kommune og 133454 i Ørsta kommune) er ikkje automatisk freda i medhald av kulturminnelova. Desse kulturminna er heller ikkje vedtaksfreda, og dispensasjonsbehandling er følgjeleg ikkje naudsynt. Det er Møre og Romsdal fylkeskommune sitt ansvar å komme fram til tilfredstillande løysningar i forhold til nyare tids kulturminne av denne art.

Bygging av 420 kv kraftlinja vil føre til utilbørleg skjemming av dei tre kulturminnelokalitetane id 133460, 137152 og 137133, som er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 første ledd. I samsvar med kulturminnelova § 3 første ledd er utilbørleg skjemming av automatisk freda kulturminne forbode med mindre det finnest løyve etter kml § 8. Riksantikvaren er rette styresmakt til å gi slikt løyve, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 1 nr. 1.

## Vedtak

Med heimel i kml § 8 første ledd fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:

*I samanheng med bygging av 420 kv krafiline frå grense Sogn og Fjordane fylke til Ørskog i Møre og Romsdal blir det med dette gitt løyve til utilbørleg skjemming av følgjande automatisk freda kulturminnelokalitetar:*

*Id 133460, gnr 82, bnr 1, Volda kommune*

*Id 137152, gnr 35, bnr 11, Ørsta kommune*

*Id 137133, gnr 7, bnr 1 med fleire, Sykkylven kommune*

*Kulturminna er merka av på vedlagde kart, stempla Riksantikvaren og datert 18. august 2011.*

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- *Lokalitetane skal vernast under anleggsfasen, og merkast fysisk med sperreband eller liknande.*
- *Midlertidige eller varige installasjonar skal ikkje plasseras innafør lokalitetane.*
- *Det skal ikkje etablerast anleggsveg eller liknande over/gjennom lokalitetane.*
- *Rydding av vegetasjon, inklusive felling av trær, skal skje skånsamt og fortrinnsvis utan bruk av hogstmaskin.*
- *Hogstavfall, inklusive greiner og kratt skal fjernast frå lokalitetane etter rydding.*
- *Steinmurar og lause stein på lokalitet 137133, gnr 7, bnr 1 i Sykkylven kommune, skal ikkje rivas ned eller flyttas på.*

Løyvet gjeld berre det tiltaket det er søkt om. Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er satt i verk innan 3 år frå dette brevet er motteke.

## Klagehøve

Vedtaket kan klagast på innan 6 veker frå dette brevet er motteke, jf. kml § 8 første ledd, tredje punktum. Ei eventuell klage blir retta/adressert til Miljøverndepartementet, men blir sendt til Riksantikvaren.

## Skildring av kulturminna

Lokalitet id 133460 på gnr 82, bnr 1 i Volda kommune er eit aktivitetsområde med ei mogleg tuft etter ein bygning. Ei dateringsprøve frå lokaliteten viser at denne er frå sein vikingtid eller tidleg mellomalder.

Lokalitet id 137152 på gnr 35, bnr 11 i Ørsta kommune er eit aktivitetsområde med eit markant kollag frå eldre jernalder. Det finns fleire groper og fordjupingar som inneheld kol, men kollaget finns også utanfor desse. Det er uklart kva slags funksjon lokaliteten opphavleg har hatt.

Lokalitet 137133 på gnr 7, bnr 1 med fleire, i Sykkylven kommune er ei seter med spor etter minst fem tufter etter sel og fjøs, samt eit system av steingardar eller geiler. Steinmurane er godt synlege i terrenget i dag. Setra heiter Gamlesætra, og er kjent i skriftlege kjelder frå starten av 1600-talet. Om setra og har vore i drift som seter før dette er uavklart, men ei dateringsprøve frå lokaliteten viser at her har og har vore aktivitet i bronsealder, om lag 900 år f.Kr.

### **Skildring av tiltaket**

Statnett skal byggje ny 420 kv kraftline frå Fardal i Sogn og Fjordane til Ørskog i Møre og Romsdal. To av dei omtala lokalitetane, id 133460 og id 137152, ligg direkte i konflikt med kraftlinetraseen, sjølv om sjølvaste mastepunkta ikkje er plassert i lokalitetane. Den tredje lokaliteten, id 137133 ligg utanfor sjølvaste kraftlinetraseen, men likevel så nærre at ein reknar at tiltaket er i konflikt med kulturminnet. Sidan ingen av kulturminna blir direkte berørt av mastepunkt eller anleggsvegar, er konfliktarten rekna som *utilbørleg skjemmande*. Dette gjeld særleg dei to kulturminna som ligg i sjølvaste den planlagde traseen, men og seteranlegget (id 137133) Gammelsætra i Sykkylven.

### **Møre og Romsdal fylkeskommune uttalar**

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det er naudsynt med dispensasjon frå kulturminnelova for seks lokalitetar som kjem i konflikt med kraftlinja (sjå innleiing i dette brevet). For dei tre lokalitetane Riksantikvaren har valt å dispensasjonsbehandle i samsvar med kulturminnelova, anbefalar Møre og Romsdal fylkeskommune at det gis dispensasjon frå kulturminnelova for bygginga av kraftline, med vilkår om fysisk sikring under anleggsperioden. Møre og Romsdal fylkeskommune skriv og at kulturminnelokalitetane som skal sikrast i marka skal innarbeidast i Stnetts miljøplan. All køyring, felling av skog, anleggsarbeid og drag av leidningar må skje utanom lokalitetane.

### **Bergen museum uttalar**

Bergen museum har i samtalar med Riksantikvaren sagt seg einig med Møre og Romsdal fylkeskommune om at ein bør gi dispensasjon for bygging av kraftline, med vilkår om sikring av lokalitetane under anleggsarbeidet.

### **Riksantikvaren sine merknader og grunngjeving for vedtaket**

Riksantikvaren finn grunnlag for å dispensasjonsbehandle tre av dei i alt seks kulturminnelokalitetane Statnett har søkt om dispensasjon for. Dei andre tre kulturminna er å rekne som nyare tids, og dei er ikkje freda i medhald av kulturminnelova. Dei tre automatisk freda kulturminna som ligg i konflikt med kraftlinja, ligg alle i utmark. Det er klart at kulturminna inneheld spor etter aktivitet frå bronsealder og fram til nyare tid, men det er uklart kva slags aktivitet som har skjedd på dei ulike lokalitetane. Seteranlegget Gammelsetra, id 137133, er den lokaliteten som er lettast å erkjenne som eit kulturminne i landskapet i dag, sidan det her har vore seterdrift også i nyare tid. Om dei daterte aktivitetsspora frå bronsealder kan nok og knytast til ei form for utmarksnæring, men det finns ikkje grunnlag for å argumentera for at ein her har å gjere med ei seter som har vore i kontinuerleg drift gjennom meir enn 2500 år.


Alle dei tre lokalitetane vil bli utilbørleg skjemma av kraftlinja. Den utilbørlege skjemminga er likevel ikkje av ein slik grad at vi ikkje vil gi løyve til at kraftlinja byggas. Det er likevel viktig at kulturminna ikkje blir utsatt for direkte skade under anleggsarbeidet med bygging av linja, slik at kunnskapspotensialet i kulturminna kan ivaretakast for ettertida.


Riksantikvaren finn at vi kan gi dispensasjon for tiltaket det er søkt om i samsvar med vedtaket vårt med vilkår.

Til slutt gjer Riksantikvaren merksam på at dersom det under anleggsarbeidet blir oppdaga andre automatisk freda kulturminne enn dei løyve gjeld for, skal arbeidet straks stansast i den

utstrekninga det kan berøre kulturminne og Møre og Romsdal fylkeskommune varslast, jf. kml § 8 andre ledd. Riksantikvaren avgjer snarast mogeleg og seinast innan tre veker om arbeidet kan fortsetje og fastsett ev. vilkår for dette.

Beste helsing

  
Ingrid Smedstad (e.f.)  
seksjonssjef

  
Jostein Gundersen


Vedlegg: 3 kart stempla Riksantikvaren og datert 18. august 2011

Kopi til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, Julsundveien 9, 6404 MOLDE/  
Bergen Museum - Seksjon for ytre kulturminnevern UiB, Postboks 7800, 5020 BERGEN



## Oversiktsplan omsøkt tiltak: 420 kv kraftlinje Ørskog - Fardal

Riksantikvarens sak nr:	06/01777
Gård:	
Gårdsnummer:	82
Bruksnummer:	1
Kommune:	Volda
Fylke:	Møre og Romsdal
Kulturminne id:	133460
Kulturminnetype:	Aktivitetsområde, seteranlegg
Dispensasjonsdato:	18.8.2011



  
*John C. Olsen*

Oslo, 18. august 2011



## Oversiktsplan omsøkt tiltak: 420 kv kraftlinje Ørskog - Fardal

Riksantikvarens sak nr:	06/01777
Gård:	Grebstad
Gårdsnummer:	7
Bruksnummer:	1, 8, 11 og 29
Kommune:	Sykkylven
Fylke:	Møre og Romsdal
Kulturminne id:	137133
Kulturminnetype:	Seteranlegg
Dispensasjonsdato:	18.8.2011




*John Oedman*

Oslo, 18. august 2011



## Oversiktsplan omsøkt tiltak: 420 kv kraftlinje Ørskog - Fardal

Riksantikvarens sak nr:	06/01777
Gård:	
Gårdsnummer:	35
Bruksnummer:	11
Kommune:	Ørsta
Fylke:	Møre og Romsdal
Kulturminne id:	137152
Kulturminnetype:	Bosettings-/aktivitetsområde
Dispensasjonsdato:	18.8.2011



Oslo, 18. august 2011